

ÅRSMELDING FOR 2013

JØSNESET BYGDARÅD

Årsmøtet blei halde 20.02.2013

Helga Havneraas møtte for valnemda. Valnemda sitt forslag blei einstemmig vedteke:

Berit S. Hjorteland, leiar for 1 år
Odd Fosså, styremedlem for 2 år
Cesilie Wåland, styremedlem for 2 år
Sven Westersjø, styremedlem for 2 år
(Silje Sværen var ikkje på val og har 1 år igjen som styremedlem)

Varamedlemmer:

Knut Foss, 1 år
Ola Skiftun, 1 år

Valnemda:

Helga Havnerås, 1 år igjen
Olga Hjorteland, 2 år igjen
Paul Olav Skiftun, gjenval for 3 år

På første styremøte konstituerte styret seg slik:

Leiar: Berit S. Hjorteland

Sekretær: Silje Sværen

Kasserar: Odd Fossaa

Styremedlem: Cesilie Wåland (ansvarleg innkjøp) og Sven G. Westersjø (ansvarleg Trivselsstova)

ÅRET 2013:

Det har vore eit travelt år for Bygdarådet!:

- Me har hatt 9 ordinære styremøte
- Fellesmøte med samarbeidsutvalet ang forslag om skulenedlegging
- Folkemøte om nedlegging av skulen der kommunepolitikarane var inviterte
- Etter initiativ frå Ellen Mari Fosså var me med og arrangerte **vaffeltreff** på skuleplassen 30. juni. Ein triveleg dag i flott sommarver med mat, leiker og god drøs.
- **Bygdakveld** 21. november der rådmannen var spesielt invitert. Flotte kulturinnslag, god mat og svært godt oppmøte!
- **Ryddedag:** 13. mai. Godt oppmøte, med pølser, brus og kaffi som vanleg.
- **Jonsok-feiringa** var som ellers i Skiftu-stranda, med skiftande vær og flott bål. Grilling, tautrekking og krabbekonkurranse som vanleg.
- **Tenning av julegrana** laurdag 7. desember ved brannstasjonen. Me starta frå kaien med fakkeltog. Gang rundt julestreet, gløgg og sal av pølser. Dette har blitt ein fin tradisjon med godt oppmøte, men det hadde vore triveleg å sjå enda fleire folk.
- Me arrangerte to matkurs før jul – eit lefsekurs og eit påleggskurs. Begge var fullteikna, og deltakarane var svært nøgde med trivelege kurskveldar og smakfulle resultat.

- **Trivselsstova:** Sven er framleis kontaktperson for utleige av trivselsstova. Under ryddedagen 13. mai hadde me og nedvask av Trivselsstova. Museumsskapet er fjerna, og ny bokhylle skal settast opp.
- **Bulyst-prosjektet:** Odd er vår representant i dette arbeidet, som blir avslutta til sommaren med ein stor «happening»! Bygdarådet vil gjerne oppretta ei «Bulyst-prosjektgruppe» som kan sparka i gang nye aktivitetar i bygda.
- **Jøsneset på nett:** Vår heimeside www.josneset.no. har mykje besøk, og blir hyppig oppdatert med små og store hendingar.

Andre saker me har jobba med:

- **Nedlegging av skulen** har vore ei viktig sak me har jobba mykje med, dessverre til liten nytte. Trass folkemøte, uttalar, direkte kontakt med politikarar og andre innspel nådde me ikkje fram med våre argument. Videre bruk av skulelokala er ei viktig sak å jobba vidare med i 2014.
- **Laga uttaler** til ferje- og hurtigbåtruter, organisering av barnehagar, innspel til kommunen ang utforming av busstopp på Nesvik og buplikt på landbrukseigedommar. Me har dessverre erfart at politikarane i liten grad tek omsyn til skriftlege innspel, og at direkte påverknad av einskilde politikarar kanskje er meir effektivt for å få gjennomslag.

Skiftun 28.01.2014 Silje Sværen